# Meland kommune

Kvalitetshjem AS
Mjåtveitstø 33A
5918 FREKHAUG

| | | |
|---|---|---|
| Referanser: | Saksbehandlar: | 27.12.2017 |
| Dykkar: | Per Atle Sæle | |
| Vår: 16/2839 - 17/25306 | per.atle.sale@meland.kommune.no | |

## Oppmålingssak gnr 22 - Nytt matrikkelbrev for 22/32 etter retting av grense

I samband med oppmålingsforretning på nabotomtane 22/52 og 22/26 24.08.2017 vart det oppdaga at det ligg eit restareal til 22/1 att mellom 22/32 og 22/26. Det vart også i etterkant av forretninga leita fram ein gamal kross i fjell i grensa mot 22/2, grensepunkt 32-1 (punkt 1 i vedlagt matrikkelbrev). Restarealet til 22/1 utgjer ein trekant og arealet er oppmålt til 214,8 m2.

Kommunen har retta opp grensa for 22/32 mot 22/1 og 22/2 og skrive ut nytt matrikkelbrev for 22/32 som følgjer vedlagt.

*Eit matrikkelbrev er ei utskrift av matrikkelen som viser alle registrerte opplysningar om ei matrikkeleining (eigedom) ved oppgitt dato. Matrikkelen er landets offisielle register over fast eigedom. Sjå www.statkart.no for meir informasjon om matrikkelen.*

Ta kontakt dersom de har spørsmål.

*I samsvar med matrikkellova §46 og reglane i forvaltningslova kap IV – Vi kan det klagast på matrikkelføringa. Klagefristen er tre veker.*

Med helsing

Per Atle Sæle
avdelingsingeniør

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**
22_32matr